

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til overføring av Krokatjørn til Torfinnsvatnet.
2. Før konsesjon kan gjevast må det ligga føre ei kulturminneregistrering, jf. kulturminnelova § 9, og resultatet av denne må vere del av grunnlaget til ein eventuell konsesjon.
3. Utbygginga er i eit sårbart høgfjellsområde med mykje friluftsliv. Det må stillast høge krav til utforming av dei tekniske installasjonane og anleggsarbeidet for å hindre sår i landskapet.
4. Fiske etter aure i vatna er ein viktig del av friluftslivet i området. Utbyggjar må syte for gode fiskevatn, ved å setje ut fisk og leggje til rette for gyting. Vatna skal undersøkjast jamleg og utsetjing tilpassast for å hindre for små eller for store populasjoner av fisk